

INNKALLING TIL ÅRSMØTE I ROGALAND UNGDOMSLAG 2022



Stavanger, 08. februar 2022

Stad: Scandic Stavanger city, Reidar Berges Gate 7, 4013 Stavanger

Dato: fredag 25. og laurdag 26. mars 2022

Seminar og årsmøte

Vi samarbeider i år med Rogaland Mållag om felles seminar og kulturprogram, samt felles årsmøtestad. Programmet blir:

FREDAG 25. mars

kl 2000-2100: Mingling og kulturelt påfyll

LAURDAG 26. mars

kl 0930: Registrering og mingling

kl 1000-1045: Felles opning med program

kl 1100-1200: Parallele seminar

- a) Drift av organisasjonseigde kulturbygg.
- b) Korleis bygge god organisasjonskultur?

kl 1200-1300: Lunsj

kl 1300-1430: seminar held fram

kl 1500-1700: Årsmøter

- a) Rogaland Mållag
- b) Rogaland Ungdomslag

Førebels sakliste

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste
- Sak 2 Namneoppdrag
- Sak 3 Val av ordstyrar
- Sak 4 Godkjenning av forretningsorden
- Sak 5 Val av referent, to til å skrive under møteprotokoll
- Sak 6 Val av to til å skrive under møteprotokoll
- Sak 7 Årsmelding 2021
- Sak 8 Rekneskap 2021

Debatt: Innspel til NU sitt langtidsprogram og lovendringsforslag

Sak 9 Arbeidsprogram for 2022

Sak 10 Revidert budsjett for 2022

Sak 11 Budsjett 2023

Sak 12 Årspengar for 2023

Sak 13 Innkome framlegg

Sak 14 Val av:

Styret

Revisorar

Utsendingar til landsmøtet i NU

Valnemnd

Styret har satt opp ei førebels sakliste for årsmøtet. I tillegg kan medlemmene gjennom lokallaga kome med framlegg til saker ein ønskjer årsmøtet skal handsame. Sakene må vere meldt skriftleg til styret i Rogaland Ungdomslag seinast seks veker før møtet, dvs. innan 19. februar. Forslag til saker kan sendast til rogaland@ungdomslag.no Merk emnefeltet med "Saksforslag til årsmøte 2022".

Deltakaravgift

Berre årsmøtet: gratis

Seminar og kulturelt program: kr 650 pr person

Overnatting på hotellet?

Vi har ikkje reservert rom. Dersom du/de vil overnatte på Scandic Stavanger city frå fredag til laurdag, må rom tingast direkte. Telefonnr. til hotellet er 21 61 52 00.

Sei at du skal på årsmøte i RU/RM og få desse prisane:

Enkeltrom 1030 pr natt

Dobbeltrom kr 1230 pr person pr natt

Korleis melder vi oss på?

Vi ber alle nytte påmeldingsskjemaet på heimesida vår (rogaland.ungdomslag.no).

Avbestillingsfrist på hotellet gjer at vi må ha påmelding innan 19. februar.

Eitt skjema per person.

Alternativ påmelding: kontakt Ann Cathrine Høyland 47662136

Kor finn vi sakspapira?

Alle sakspapira blir publisert på rogaland.ungdomslag.no og sendt til lokallaga og dei påmeldte på e-post 4 veker før møtet.

Kven kan delta?

Lokallag som har sendt årsmelding for føregående år, og betalt årspengar for foregåande år for minst 5 medlemmer over 14 år, har rett til utsendingar.

Lokallag med inntil 50 medlemmer har rett til 2 utsendingar til årsmøtet. Deretter 1 utsending i tillegg for kvar nye påbyrja 50 medlemmer. Eit lag kan ikkje ha meir enn 10 utsendingar.

Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøtet i laget eller eit medlemsmøte.

Organisasjon	Lever årsrapport for 2020	Totalt tal medlemmar (betalt)	Tal utsendingar
Bondeungdomslaget i Stavanger	ja	122	2+2
Haugesund Mållag og Ungdomslag	ja	78	2+1
Klepp leikarring	ja	18	2
Krosshaug UI	nei	0	0
Kvinnerland Frilynde Ungdomslag	ja	0	2
Midtbygdens Ungdomslag	ja	2	0
UI Skjoldafjord	ja	9	2
Nærbø Folkedanslag	ja	10	2
Sandeid Ungdomslag	ja	109	2+2
Rossabø Folkedanslag	ja	33	2
Suldal Ungdomslag	ja	0	2
Vikedal Ungdomslag	ja	47	2
UL Heim	nei, nedlagt i NU	0	0
Ølen Ungdomslag	nei, nedlagt i NU	0	0

Med helsing styret i Rogaland Ungdomslag

Synnøve Jørgensen, leiar

